



Årbok for Karmsund 1987-1992

Karmsund Folkemuseum



Haugesund 1992

Ludvig Eriksen Trykkeri a.s




Torvastad si hamn finn vi på eit utsnitt frå eit kart over norskekysten frå Bergen til Stavanger, datert 1798. Land-
skapsprofilen i innleiinga er teikna ei mil vest av Røvær.
Presthamn ligg bak Føynå. (de Fine; Stavanger Amt)

GJESTGJEVARVERKSEMD OG HUMMARHANDEL

i eksporthamnna

«PRESTHAMN» på Torvastad, frå 1600-talet
til slutten av 1800-talet

Roald Østensjø




Noko nytt

Ei av dei tidlegaste maskinelle innretningane som skapte ei viss røre i kystbonden sitt liv var hummertaina. Ikkje overraskande var det europearar frå sørsida av Nordsjøen som såg vinning i å effektivisera fangsten av hummaren. Ei fornem delikatesse har han heilt sikkert har vore hummaren, sidan han ein gong for lenge sidan fann vegen til vår gane.

Vanskeleg å fanga hadde hummaren alltid vore, sjølv om han somme tider av året går heller høgt og ein med litt hell kan plukka ein og annan opp av sjøen med berre hendene.

Maskin må ein vel óg kunna kalla den forlengja armen som blei utvikla for at fiskaren kunne makta å plukka dei som gjekk på større djupner. Etter måten fekk likevel hummaren leva livet sitt i fred, for fiskarbonden måtte ha stille, roleg vør med klar sikt for å kunna gjera seg nytte av ei slik innretning. Denne klypa blei likevel nytta til innpå 1800-talet.

Det er Amtmand de Fine som i sin «utførlige beskrivelse» av Stavanger Amt i 1745 kaller teina for «Machine». I same stykket om hummarfiskeriet skriv han at det var hollendarar som for 70 á 80 år sidan starta med teinefiske på Vestlandet og henta levande hummar med brønnbåtar.



Den stipla lina syner leia inn til Presthamn. Grensene mellom matrikkelgardane er òg omtrentleige.

Kontaktmann

Kven var det så utlendingane tok kontakt med for å organisera innsamlinga og lagringa av dei tusenvis av dyrebare krepsdyra? Dei skulle jo halda seg levande i fleire veker i fangenskap òg. Jo, det var folk ute i amtet, personar som ein må rekna med budde i eller nær ei brukande hamn og som hadde god kontakt med fiskarar, bønder og styresmakter.

I alt utvikla det seg sju hummarhamner i Stavanger Amt, mellom anna på Bokn, Åkra og på Torvastad. Dei to førstnemnde gjekk ikkje i gløymeboka, men den som de Fine kallar «Præstehavn» var det presten Lars Skadberg som rundt 1960 klarte å finna att i nesten 200 år gamle dokument. I Torvastadbygda var det kan hende ingen som visste det før han stadfesta det. Framleis er Presthamn lite kjend blant folk.

Den plassen Skadberg enda opp med ligg vest av Torvastad kyrkje, eit par kabellengder nord for kaien i Kveitevikje. Denne kaien er det føybuen nyttar når dei skal i kyrkje eller har anna å gjera på land.

Innseglinga til Presthamn er frå nord, mellom Longgardsholmen og Svinholmen. I ei breidde på mindre enn ein halv kabellengde, låg der fleire titals hummarkister klare når utlendingane kvart år kom for å kjøpa fangsten til fiskarane frå Avaldsnes og Torvastad.

Kvartermeistrane

I 1627 flytta den 25 år gamle odelsgutten Klaus Gunnarsen frå Oppigarden på Stongo, og vart buande på ein av grannegardane. Der gifte han seg truleg med dottera til, eller kan hende enkja etter førre brukaren, på Brekke som er fyrste bruket på Torvastad-garden. Då blei han sitjande med begge bruka, berre nokre hundre meter frå ein annan. Tjueto år seinare kjøper broren Josef Åkragarden og ein yngre bror Nils slår seg ned på Munkajord.

Mora til desse gutane, Tora Nilsdotter, som ein ikkje veit korkje alder eller ætt til, blei kan hende buande på Stongo, ein gard som ikkje har strandline høveleg til hamn for havgåande farty. Tora må ha vore ei svært dugande kvinne for ho hadde fleire saker framme i retten og kunne leggja fram skriftlege vitneprov.

Faren, som var frå Sveio, døydde truleg før gutane blei vaksne, men mora visste nok å krøka sønene sine til gode krokar.

I «Cristmaaneten» desember, fire dagar før jul i 1636 var nemleg to kvartermeistrar med på den årvisse tilstellinga i Stavanger på St. Thomasdagen. Det var brørne Klaus (34) og Josef (24) frå Torvastad, og dei var samstundes borgarar av Stavanger. Om dei gjorde teneste i marineadministrasjonen og hadde ansvaret for å hysa soldatar og gastar og attpåtil halda orden på forsyningar som mat, klede, våpen og ammunisjon, er det ikkje vanskjeleg å tenkja seg til kva dei sidan i livet tok til med, desse kvartermeistrane.

I 1639 blei dei og fleire utanbys borgarar varsla om at dei burde flytta til byen og driva handelsverksemda si der. Ikkje nok med det, dei skulle bevisa korleis dei hadde fått borgarskapet sitt óg. Det kjem ikkje fram, men det enda med at iallfall Josef den 29. april det året svor borgareid.

Garden på Åkra skjøtta han dårleg. Der sto det mest til nedfalls, for pengane gjekk andre vegar dei åra han levde.

Brekketunet heime på Torvastad ligg ein liten kilometer frå sjøen, men det er rimeleg å tru at handelsverksemda starta i sjøhuset. Den beste plassen for det var nok den gong og er framleis ei lita vik inne i Hamnadokken, nesten heilt nord med Prestagarden. Varene kom truleg Josef siglande med ombord i fartyet sitt.

Hollendarane braut nok med byprivilegia dei óg. Tuskhandel i Presthamn og med kremmarar og bønder elles ute i bygdene var ikkje uvanleg. Tobakk, honningkaker, brennevin, fint lintøy og alskens gagnlause kramvarer kosta pengar som ikkje gjekk vegen om Stavanger. Der sat byborgarane med sine særrettar og klaga når fattige bønder med for lite pengar kom for å kjøpa livsviktige varer.

Våren 1657 då brørne Klaus og Josef var i Stavanger ein tur, svor dei den 29. april ny borgareid.

Klaus blei enkjemann kanskje rundt 1650 og gifte seg oppatt med ei jente

inne frå Skåre sokn, den 30 år yngre Kirsti Ingebretsdotter Litlasund frå ein velståande familie.

Som vi kan sjå er Klaus Gunnarsen Brekke på denne tida ein mann som verkeleg er å rekna med. Ikkje berre han, men broren Josef i Åkra óg, er to karar som hollendarane sikkert blei rådde til å nytta som kontaktar då dei freista å få hummarhandelen til gå slik dei ville. Det er mogleg at gutane i si tid hadde gjort teneste i den nederlandske flåten óg. Tusenvis av norske gutar gjorde det og kontaktar blei knytte.

Åra gjekk og i ein alder av 68 år døydde han Klaus, kan hende eit år før broren Josef. Klaus fekk ni born, men det er uråd å vite kven av konene hans som var mor til den enkelte. Kirsti gifte seg oppatt med prestesonen Johannes Bentsen og dei flytte etter ei tid tilbake til Stongebruket sitt. Det er likevel truleg at ho dreiv vidare med handel og gjestgjevarverksemd.

I 1680 då mora hennar, Turid vart skulda for trolldom, var kan hende verksemda på Magdalena Klausdotter sine hender. Ho hadde gifta seg med ein tretti år eldre bonde frå nedste tunet på Torvastadgarden, men alt i 1678 blei ho oppattgift med Gudmund Larssen Rossabø frå Skåre.

Turid Litlasund enda ikkje sine dagar på bålet, for ho hadde ein god forsvarar i den kjende Tormod Torfeus. Futen måtte nok sjå langt etter rikdomane der på garden.

Magdalena blei enkje i 1705 og Guro, yngste dottera hennar, kan ein tenkja seg gjekk i ei god lære hjå mor si. Det må ha vore harde år med den store nordiske krigen som tappa dei fleste for krefter.

I 1722 då Guro var 34 år gamal, døydde mora. Sjølv blei ho gift med ein tysværbu, Erik Torbjørnsen Vatnem. Dei fekk to gutar og eldstemann var Gudmund som kom til verda i 1725.

Ikkje meir enn 8-10 år gamal er det godt mogleg at han titt tala med losen Ole Sæbø som då var komen heim etter å ha reist på Holland i sju år. I 1740-åra brukte denne losen og ein annan los, Johannes Galtung på Feøy, to av presten sine hummarkister. Desse skulle dei óg halde i stand. Frå Sæbøgarden som ligg ei halv sjømil nord av Presthamn, var det råd å sjå framande båtar i sørvest om så berre segla synte seg over horisonten.

Engelskmenn

Hummarfartya var nå ikkje lenger frå Holland. Engelske hadde teke over etter hollendarane, som hadde tapt mykje dei siste hundre åra. Båtane blei loste inn mellom holmar og skjer til den nordlege innseglinga til Presthamn. Vel i hamn blei akterfortøyningane gjorde faste vest i Longgardsholmen og baugen i Svinholmen.

Sjøfolka fann det nok godt å kunna setja lettbåten på vatnet og ro rundt



Den ytre delen av denne naturlege hamna er gamle Presthamn, hummarhamna som blei flittig besøkt av hollenderar og sidan engelske brønnbåtar.

Svinholmen og inn i Hamnadokken til gjestgjevarstaden. Den unge gjestgjevaren Gudmund hørde nok litt av kvart som blei sagt om vær og vind såvel som om fangstar og prisar. Andre som sikkert søkte innom døra var dei såkalla utliggjarane, Presthamn sine eigne folk som i vekene før utskipingane henta hummarfangstar hjå fiskarar kring i distriktet.

Utliggjarar var særleg trugne fiskarbønder som ikkje var ukjende med handel. Fleire tusen hummar førde dei til utskipingshamnene der dei blei lagra i dei mange hummarkistene som låg fortøydde der.

Denne jobben med å henta hummaren var det skillingar å tena på, og i slutten av femtiåra var det òg andre enn oppsitjarane i hamna som ville vera med på den farten. Utsirabuen kom sjølve inn med sin hummar og tok inn hjå gjestgjevaren.

I byrjinga av 50-åra då gamlelosane nærma seg dei seksti, sa dei opp som losar og det kom nye til frå Torvastadgarden, kan hende tidlegare utliggjarar.

Gudmund og familien hans som talde ti ungar, budde på Torvastadgarden utan jord. Det er difor mykje som tyder på at dei einast levde av gjestgjevarstaden og handel av ymse slag. Oldefaren hans, han Klaus er den einaste me veit hadde borgarskap, men det er altså ikkje utenkjeleg at det aldri var nokon stogg i drifta av det han starta. Gudmund døydde før han blei 60

år, men vi skal få treffa han igjen.

Året 1760 blei det strid mellom engelskmennene og hummarhandlarane. Striden stod om kor mange hummarkister ein skulle halda i Presthamn. Det enda med at det skulle vera 30-32 stykker.

Tidleg i sekstiåra kom Presthamn og Åkrahamn under same avtaleverket. I røynda hadde engelskmennene heretter monopol på handelen på desse stadene.

Stor strid

Arbeidet med å fletta seg ei teine eller kjøpa ei for 4 skilling, betalte seg med fyrste fangsten. Det skulle ikkje store fangsten til før ein hadde seg ei bra at-tåtinntekt i det typiske naturalhushaldet vestlendingane hadde på denne tida. Teine-setjing og -trekkjing morgon og kveld var lite krevjande arbeid som nytta den arbeidskrafta som var tilgjengeleg óg. Ungdomar og gamlingar skofta ikkje gardsarbeidet med det og heller ikkje husmannen forsømde nokon ting. Dalarar og skillingar til betaling av skattar og avgifter var langt på veg berga av hummaren.

Dei som hadde løyve til å ha hummarkister, fekk óg inntekter. Presten var ein av dei, men han hadde ei anna rolle óg. Heime hjå han låg nemleg hummarmålet som i tvilstilfelle blei henta fram for å kontrollera minstemålet på 8 tommar. Skikkeleg vaksen måtte han vera om han skulle få bli med til England, hummaren. Ut i sjøen igjen skulle dei som var for små, men ikkje få var det som heller gjekk svært billeg, for eit stykke tobakk berre, som de Fine skriv i 1745.

Striden om talet på hummarkister er ikkje einaste usemja fiskarbøndene måtte finna ei løysing på.

I juni 1776 blei ein del fiskarar og bønder av Presthamn i Torvastad prestegjeld, Visnes i Avaldsnes og frå Åkrahamn kalla inn til ein gjesterett som blei halden i Avaldsnes skipreideting. Det går ikkje fram av rettsdokumenta kor hen. Saksøklarane var sju engelske skipperar som jamt kom til Karmøy for å kjøpa opp hummar.

Dette året hadde nordmennene etter dei engelske si meining, brote gjeldande kontrakt, som framfor alt fastsette prisen på levande hummar. Større enn 8 tommar skulle han betalast med «1½ sk. pr. Hommer»

Forsvararen til dei av torvastadbuen som eigenhendig hadde skrive under kontrakten, meinte at alle hadde levert sin hummar til dei engelske skipperane. Følgjeleg måtte dei frifinnast for skuld og ansvar i denne saka. Fiskarane frå Åkra påsto at dei for dette året ikkje hadde inngått nokon avtale. Difor hadde dei selt både i Skudeneshamn og Bokn for 2 sk. per hummar, mellom anna til hollendarar som betalte 2 skilling. Kor lenge 1½ skilling

hadde vore prisen bøndene på Nord-Karmøy hadde operert med, veit me ikkje, men det opna seg nå ei moglegheit for fiskarane her å pressa nok ein halvskilling av engelskmannen. Hadde nordmennene høyrte gjete om nord-amerikanarane si haldning til engelskmennene?

Gudmund Vatnem, gjestgjevaren i Presthamn var fyrste vitne som blei avhøyr. Kven andre kunne ha betre innsikt i tilhøva kring hummarhandelen enn han som dagleg høyrde og såg kva som gjekk føre seg?

Han hevda at dei hummarfiskarane i Presthamn som ikkje hadde skrive under, hadde nekta å levera for 1½ skilling óg. Ein del av dei andre som hadde levert til den prisen kontrakten sa, kunne han nemna med namn. Gudmund fortalde óg at; «tidlegare i dag, altså tysdag 11. juni, hadde alle dei av Utsirabuen som heller ikkje hadde skrive under, likevel levert sin hummar. Dei hadde sagt seg nøgde óg med den prisen kontrakten opererte med.»

Engelskmennene på si side ville nok ikkje ha blitt seinka i heimreisa si om alle fiskarane hadde levert til avtalt pris, meinte gjestgjevaren. Normalt skulle båtane vore avgarde i slutten av mai med den friske nordavinden som jamt blæs på desse tider.

Dei innstemnde fiskarane hadde kravd 2 sk. av skipperen. Det hadde dei fått óg, truleg av di engelskmannen såg det som einaste utveg til å få full last



*Frå haugen nordom seg, hadde gjestgjevaren godt utsyn
til leia ute i skjergarden mot Føyndå.*

utan spill av tid.

På siste spørsmål fortalde Gudmund Vatnem at andre fiskarar hadde fare til oppkjøparar utanfor Presthamn med hummaren sin.

Klaus Brekke, ikkje i gjestgjevarslekta, var neste vitne frå Torvastadgarden. Sist laurdag hadde han nemleg gjort kjent for fiskarane, futen sin munnlege ordre om å retta seg etter kontrakten. Om nokon hadde gjort det, visste han ikkje.

Etterkvart som rettsaka skreid fram, sa dei engelske skipperane seg viljuge til å betala 2 sk., mot at dei fekk erstatning for det tapet dei hadde lidd etter fiskarane sin vaklande omgang med leveringa av hummaren.

Fiskarane på si side hadde ingenting å utsetja på engelskmennene, men noko snakk om erstatning ville dei ikkje høyra tale om.

Skipper John Maschel som representerte oppkjøparane sine interesser, meinte at avtalene frå tidlegare år og interimkontrakten av 19. april dette året, alle saman nå blei ignorerte av nordmennene. Imot forplikting og sedvane blei hummar selt til andre, til høgare pris. Dette gav han eit tap på 230 Danske Kurantdalar på fyrste reisa denne våren.

Meinte Maschel med andre ord at han hadde fått nærare 15.000 hummar á 1½ skilling for lite i lasta då han måtte sigla fyrste turen, eller hadde han tapt så mykje pengar på vidaresalet i England? Førre kontraktperioden inneheldt eit punkt om at engelskmennene skulle ha fyrste tilbod i såvel Presthamn som i Åkrahamn og John Maschel tykte han stod sterkt i saka.

Om ikkje alle fiskarane sjølve hadde sett namna sine på kontrakten, var det heller ingen som hadde protestert. Eit ekstrakt av kontrakten var nemleg lese opp for alle fiskarane den 20. april, dagen etter at kontrakten blei slutta.

Måten hollendarane i andre hamner prøvde å lokka til seg handelen, kunne ikkje rettferdiggjera at fiskarane ikkje brydde seg om gjeldande kontrakt. Engelskmennene ville jo gi det same for fangsten, blei det presisert før dommen fall.

Denne onsdagen, 12. juni 1776, kunne retten dermed lesa opp følgjande konklusjon og kunngjera dommen; *«at Fiskerne saa vel udj Aachre som Præstehavn strax bør overlevere til de Engelske Skippere den allerede fangede og fremdeeles levere den herefter fangende Hummer til den 22 Junj indeværende år hvorfor de Engelske betaler 2 s. for hver Maals levende Hummer med sine Klør.....siden i andre havne gives saa meget.»*

Det dei frammøtte fiskarane og andre impliserte så fekk å høyra, var at engelskmennene skulle vera sikra leveranser til fastsette tider og at om prisen på marknaden fall, skulle 1½ skilling vera lågaste pris.

Dei tapa engelskmennene hadde lidd, burde - dvs. skulle - erstattast av dei innstemnde partane med 50 dalar av dei 20 fiskarane som hørde til Presthamn. Like mykje fall på 22 mann frå Åkrahamn. Åtte fiskarar frå Syre,

Risdal og Håland hadde fiska lite denne våren, men likevel levert i Åkrahamn. Dei slapp med 6 dalar.

«Dommen fuldbyrdes 3de Soelemærker efter lovlig Forkyndelse under Vane og Execution paa den maade Lov befaler.» I gamal dansk rettsraksis var eit solemerke det same som ein dag. Trende - 3de - var dansk for tre.

Korleis dommen blei motteken kan ein berre tenkja seg til. Hundreogseks daler svarer til 5088 hummar til ein pris av 2 skilling. Kvar fiskar måtte la fortenesta av meir enn hundre hummar dekkje bota. Og tre dagars frist verkar snaut, men det var vel John Maschel som korta av på det han skulda fiskarane for det dei hadde handla med han.

Det går ikkje fram kva slags rolle Gudmund Vatnem spelte i hummarhandelen, men det går an å gisse på at han var kommisjonær for engelskmennene. Då var det nok han som fekk arbeidet med å betala kvar einskild fiskar det dei skulle ha òg.

-Kurantdalaren som det er tale om her, var ikkje ein mynt, men kan forklarast som 96 skilling telt opp i skiljemynt - mark og skillingar. Dei 25-26 gramma som sølvdalaren vog, var stabil i verdi, men talet på skillingar i dalaren synte inflasjonen. På slutten av 1700-talet måtte ein ha 120 skillingar for å veksle til seg ein sølvdaler.-

Bølgjene etter denne rettsaka la seg nok ikkje med det same og det må ha vore livlege dagar hjå gjestgjevaren, om det nå var i Presthamn saka vart halden eller ikkje.

Grensetvist

Interessa for Presthamn og det som gjekk føre seg der var heile tida aukande, ser det ut til. Bruksretten til strandline og sjøbotn som dei ulike gardane i generasjonar hadde delt seg imellom, blei ei kjelde til uro kring hamna, og hausten 1778 opna Gudmund Vatnem dørene sine for kanselliråd og sorenskrivar.

-Kanselliråden sorterte under justisråden i København. Han må ha vore på reisefot for det danske kanselliet som tok seg av norske saker óg. Justisråden hans styrte kollegiet sitt som eit av kongens fem departement, som vi seier idag.-

Retten blei sett laurdag den 24. oktober og partane i tvisten var på eine sida soknepresten, høglærde herr Caspar Dreyer på prestegården «Hougland»-Haugland - og på den andre sida bøndene på Torvastadgarden.

Det var ikkje nok å halde styr på slåtteteig og beite på holmar og skjer, nei det som var ute i sjøen under vatn synte seg etterkvart å vera like viktig.

Over eit dusin vitne gjekk om føremiddagen og traska over haug og

hammar saman med skrivaren og hans følgje for å leite opp haldepunkt for kor grensa eigenleg gjekk. Utpå dagen trekte dei innomhus og tingboka blei opna. Pennen rørte seg over fleire sider, og ned på papiret festa det seg kunnskap om mellom anna nitten hummarkister som låg i vinteropplag på Svinholmen. At grisene til presten hadde beite der blei og skrive ned. Ytterlegare seks kister låg på Longgardsholmen vest i hamna og fem låg sør på Kodløyne.

Eit endeleg svar på grensetilhøva kom ikkje retten fram til den dagen og dommaren tykte det låg forlik i lufta. Han utsette like godt saka.

To år gjekk og måndag 23. oktober skulle omsider saka setjast opp att. Gjestgjevarstaden i Presthamn skulle på ny hysa bygdetinget, men av ein eller annan grunn blei saka flytt til Gloppe tingstove. Enden på visa blei at nokre av Torvastadbøndene kravde å slutføra saka til våren heller, ein gong før hummarsesongen tok til, sjølv sagt. Og, det måtte bli i Gudmund Vatnem sitt hus.

Men så seint som i september 1781 møtte partane i Gloppe tingstue. Forliket var klart og partane blei ståande med kvar sin halvdel i Presthamn og dei økonomiske interessene dei hadde der. Presten blei dømt til å betala sakskostnadene, salær, skyss og reisepengar.

Hausten gjekk, vinteren kom og utpå nyåret døydde gjestgjevar Gudmund Vatnem, ikkje seksti år gamal. Ingen av ungane hans såg seg i stand til å ta over drifta og buet blei skift.

Nye tek over

I 1786 heiter det at; «Asbjørn Asbjørnsen, en upriviligert øltapper driver en smaahandel og næring av gjestgiveri her.» Trettitreåringen frå Landa i Avaldsnes må ha vore ein velhalden kar når han kunne kjøpa staden og det som høyrer til.

Gjestgjevarstaden var heller ikkje alt han kjøpte. I 1790 fekk han skøyte på 8 spann kornskyld. To år seinare gifta han seg med 13 år yngre Ingeborg Katrina.

Trafikken i Presthamn har nok halde seg, for i 1792 finn vi eit døme på hesteeksport over Presthamn. Andre mai det året melde lensmann Waleur til amtmannen i Stavanger at det var kome ein engelsk slupp til hamna «Smedesund ved Risøen i Karmsund». Sluppen skulle til «Hommerhavnen Torvestad» og ombord var ein hest, kjøpt inn i Stavanger. Dyret skulle førast til England, «noget der ikke findes strick forbud mod i den Konglige Majestets Plakat af 20. Augusti 1788.» Nemninga Presthamn nytta lensmannen ikkje.

Gjestgjevarparet fekk tilsaman ti ungar, men berre seks fekk leva opp. Mange munnar var det å metta og i 1805 blei det skrive festesetel for Asbjørn

på prestagarden sin husmannsplass. Den låg på nordsida av steingarden som skilde mot Asbjørnsbruket.

I 1812 skreiv sokneprest Jalles om dette i kallsboka. Dålevande gjestgjevar og strandsitjar Asbjørn Asbjørnsen som brukte plassen sør for steingarden hadde alltid vilja ta feste på dette stykke jord, som han kallar prestaplassen. Om det nokon gong blei gjort, er uråd å finna ut av.

Asbjørn fekk driva denne husmannsplassen saman med si eiga jord i berre eitt år før han døydde, 57 år gamal som den førre gjestgjevaren òg blei. I kva grad han var knytt til hummarhandelen, veit ein ikkje.

Enkja Ingeborg Katrina dreiv nok vidare, men ho pakta vekk jorda. Næringa må ha betalt seg godt for i 1816 blir ho kravd 7 dalar til Noregs Bank sin sølvskatt.

Siste gjestgjevaren

Dei to eldste sønene, Rasmus og Samuel Asbjørn, er vaksne når mora dør i 1827. Då har eldstemann drive jorda i fire år alt, og «Torvastadhamn Gjestgjevarstad» som namnet no lyder, er det den yngre broren som tek over.

Året etter er han Samuel gift med ei jente oppe frå Brekke, men berre tre år seinare dør ho. Tre ungar sit likevel mannen att med, men mindre enn tre år seinare er det den 23 år gamle tanten som blir stemora deira. Med henne veks ungeflokken til ni.

Heilt til 1843 driv gjestgjevaren i Torvastadhamn utan løyve. Det er nemleg fyrst då at han får gjestgjevarløyve frå amtmannen til å driva gjestgjevarstaden. Kan hende hadde det noko å gjera med at den engelske oppkjøpsrepresentanten freista å handla direkte med fiskarane. Handelshuset Kielland i Stavanger hadde lenge hatt eineretten og kontrollen med hummarhandelen og det enda med eit vellukka opprop til fiskarane i Presthamn i juli 1842.

Det engelske hummarkompaniet som kjøpte Presthamnsfiskarane sine fangstar hadde faktisk namn etter distriktet, «Aachre and Priesthaven lobster district».

Kring 1850 blei Torvastad-distriktet nemnd og ein kan undre seg om Presthamn-namnet var på veg ut, sjølv om engelskmannen nytta det? Prisen på hummaren var då 5 skilling og samtaleemnet ein tok for seg i bygdene på denne tida var den fyrste lova om freding av dette krepsdyret. Svingingar i bestanden kunne vera dramatisk for bøndene når hummaren var slik ei viktig inntektskjelde for dei.

Neste lova kom i 1879 og var endå strengare. Då blei tjuvfiskaren om han blei fakka, bøtelagt med 2 kr per hummar. Førre myntreformen nokre år tidlegare, dreide det seg om 48 skilling. Fangstmengdene var i desse åra i klar

nedgang, og storting og departement freista å verna om naturgrunnlaget på eit eller anna sett.

Skifte

Men midt i desse urolege åra døydde Samuel Asbjørn Asbjørnsen, 66 år gamal. Dødsbuhandsaminga etter gjestgjevaren tok til 23.juli 1860 og blei ikkje slutført før 10.februar 1862. I dokumenta får vi eit detaljert oversyn over bygningar, innbu og lausøyre. Vareutvalet i landhandelen står lista opp og inneheld litt av kvart. I skiftepapira er det talt opp kring 800 ulike ting, i varierende mengder.

Av bygningar finn vi at det var to våningshus, det større og det mindre, og i tillegg sjøhus, ladebygning - låve - , svinehus og eldhus.



Dei einaste synlege restane av husa som sto i tunet til gjestgjevaren, truleg grunnmuren til svinehuset eller låa.

Sør-austre hjørnet av grunnmuren til eitt av uthusa er det framleis restar av, 60 - 70 meter opp frå sjøen. Bryggene der det eine sjøhuset stod, er i bruk idag som den gong for 130 år sidan.

Kan hende veks det óg tusenfryd om våren oppi bakken der hagen til gjestgjevaren låg bakom ein liten haug?

Ei holveite frå huset, rommeleg nok til at ungane på garden kunne krypa i

han, førte ned til sjøen. Om han var for drenering eller kanskje ein kloakk-leidning, kan ein berre spekulera på. I dag ligg enden av veita i røyr.

I det store våningshuset var kjøkenet vél utstyrt. Seksten teskeier og 8 spiseskeier i sølv vitnar om velstand. Elles finn vi ein del ting av kopar og messing. Utanom gaflar og knivar, tallerkar og koppar, finn vi forgylte punsjemugger, ølglas og ulike skjenkeglas. Ja, små engelske krukker er nemnde òg.

Storstova var utstyrt med bord, stolar, eitt polert kråskap, mahogni klaffe-bord, stort speil og ein tre etasjer høg kakkelomn. Og for verkeleg å stetta dåtidas trong - 2 stykke spyttebakkar. I stova finn vi òg ein raudmalt senge-stad med sengeomheng. Noko så sjeldsynt som eit stoveur var òg ein av tinga som var att etter gjestgjevaren.

Til oppvarming nytta ein kakkelomn. Det er mykje mogleg at den kom frå Sverige der mest alle hus hadde denne uvanleg gode omnstypen ståande. I Noreg var det mest rikfolk i byane og storbønder som skaffa seg kakkelomn, for dyre er dei i innkjøp. I lengda er dei likevel rimelege, for det går berre eit par tre famnar ved om året til eit heilt lite hus. Skikkeleg bålføring i eit par timar og kakkelomnen held varmen i eit døger. Støv og røyk i gjestgjevaren si storstove blei heller ikkje noko problem då.

Annleis var det i daglegstova, der sto nemleg ein bileggaromn murt inn i veggjen. Veden eller torva blei lagt inni frå rommet ved sida av, kanskje frå gangen.

I overetasjen, på norda loftet, kan det ikkje ha vore heilt trygt å ferdast. Her var nemleg lagra «3 kasser hvori krudt». Kvit og svart ull, ½ våg fjør og tauverk låg att på søra rotloftet.

Sams for dei ulike kammera, det grøne, det kvite, det norda og det blå, var at dei alle var godt utstyrt for overnattingsgjester. Her blei det mellom anna talt opp overdyner og underdyner, «høyende, pudevar og dynevar», laken, sengeoverheng og sjølv sagt åkle.

«Den lille stue» står det ikkje mykje om i papira. Kan hende var den nytta berre til gjester? Huset hadde òg ein liten kjellar der det var lagra plank.

Gardsbruket som gjestgjevaren i Torvastadhamn dreiv, hadde som nemnd ein «ladebygning og et svinehus». Buskapen var «3 koer; Ringeros, Svartsia og Skoutrei, 15 faar og 1 stk. sviin». I eldhuset stod knatrau og bakstehelle klar for baking og til ølbryggjinga fann ein humlekum, øltønner og ølanker og ei øltrakt til tappinga. Vatn måtte ein bera inn og til det fanst ein vassele. Elles var det andre tønner, stampar og kar.

I sjøhuset, i den vika der den fyrste gjestgjevaren truleg òg tok i land varene sine, står i 1860-åra to båtar. Skiftesdokumentet fortel om ein stor færing og ein mindre færing, med segl og rigg. Dei er verdsette til 14 og 3 dalar.



Gjestgjevarbrygga inne i Hamnadokken er framleis i bruk. Stormflo har på biletet gøymt utløpet av holveita oppe frå tunet. Svinholmen i bakgrunnen.

-Fem par er talet på årar som er skrive ned, noko som kan tyde på at den store båten eigentleg er ein seksæring, med tre par årar sjølvst. Dette var ein ikkje uvanleg båttipe den gongen, med god plass til ein stor familie på bytur, eller ein sildefangst.-

Her nede finn vi ei mengd utstyr til sjøbruk óg. Tønner og baljar i ulike storleikar står der óg. Seksten og ein halv tønner salt og 3 $\frac{7}{8}$ tønner bygg var lagra i sjøhuset. Truleg var dette varer for sal, men om vinteren når vårsilda kom, kan det nok ha blitt salta ein del tønner for eksport, men til eige bruk óg, skal vi tru.

Krabbekista og hummerkista sto klare til ny sesong, og ein skal ikkje sjå vekk ifrå at hummarfangst kan ha vore ein del av det økonomiske grunnlaget for drifta av Torvastadhamn Gjestgjevarstad. I kva grad Samuel Asbjørn Asbjørnsen var med i hummareksporten har det ikkje vore mogleg å finne ut av.

Men at han selde sjeldnare mat og saker og ting til torvastadbuen er vi heilt visse på. I skiftespapira får vi eit oversyn over krambuvarene og her er ført opp daglegvarer som sirup, sukker og kaffi.

Meir uvanlege varer, slikt som øl, vin og brennevin, er ikkje å få over disk på Karmøy idag. Elles var nok tobakken ein viktig del av det som var i hyl-

lene. To stader er tobakken nemnd i papira. To våg, to merker eine staden og eitt bismerpund, 23 ½ merker. Det kan ein rekne for å vera 48 kg.

Butikkverksemda i Torvastadhamn var ei god, gamal krambu med eit heller breitt vareutval. Storparten av det folk hadde bruk for kunne kjøpast her heime, byreis var ikkje naudsynt. Fiskekrokar av ulike slag fortel oss at handel retta mot fiske var viktig. «1600 angler med løse fortømme, 300 blaae sildeangler, 300 hvide sildeangler» og onglar i posar og øskjer, syner at handelen med fiskarar var stor. Sildefisket var rikt her i distriktet på 1800-talet og talde mykje for utviklinga av til dømes byen Haugesund, som tidlegare berre var ein strandstad.

Skiftet etter avlidne Samuel Asbjørn Asbjørnsen tidleg i 60-åra er slutten på gjestgjevarstaden og handelen i Torvastadhamn òg, uvisst kvifor. Ser ein på verdien i buet er det lite som tyder på at det har vore økonomiske grunnar til at drifta tok slutt. Samla blei verdien sett til så mykje som 2287 Spd. 54 skilling. Av dette var det store våningshuset verdt 200 dalar, det mindre 55 dalar og sjøhuset 65 dalar. 30 dalar for dei tre andre bygningane tilsaman.

Lausøyre er registrert med 600 Spd og krambuvarer med 107. Kontantbeholdninga blei talt opp til 1150 Spd, medan enkja skulda 73 dalar. To familiemedlemmer til, sonen Gudmund og versonen Lars Joachim Torvestad skulda dei siste 7 ½ dalarane i buet. Arvingar og andre folk i familien finn vi òg som kreditorar då pengane skulle delast.

Arvingane er åtte i talet om dei 415 «Speciedalar» ein sit att med. Enkja arvar halvdelen og dei sju attlevande ungane kvar sin sjudel av den andre halvparten.

-Åtte år tidlegare måtte dei to døtrene ha teke til takke med kvar sin tolvdel, for då skulle gutane etter ei arvelov som blei nesten 200 år gamal, ha brorparten, det dobbelte. I dette høvet ville det ha vore to tolvdelar.-


Yngstedattera fekk attpåtil den siste skillingen som var til rest i reknestykket.

Tilhøva endrar seg

Grunnen til avviklinga finn ein truleg i næringsutviklinga elles på den tida. Dei store sildeinnsiga minkar, og får ein brå slutt i 1870. Haugesund by er nemnd og når sesongfisket med stor tilstrøyming av folk frå distriktet no tek slutt, må heile distriktet omstilla seg. Dette kan vere medverkande årsaker til at Torvastadhamn misser si stilling som hamn og lasteplass, og etterkvart blir gløymt.

Forretningsverksemda i området held likevel fram, fyrst i Kodløyne og sidan i Kveitevikje, begge ligg rett sør for gamle Presthamn.

Når det gjeld den kring 200 år gamle tradisjonen med hummareksport, blir



Tøkje, eller bestastedle, er ein naturskapt kai som ligg på vestsida av Svinholmen. Kodløynå i bakgrunnen.


det hevda at dei små, engelske seglsluppane ikkje lenger kom til Torvastad etter 1870. Båtane hadde ei liggetid på to-tre dagar medan store mengder levande hummar blei lasta over i brønnen frå dei mange kistene i hamna. Dersom varer eller dyr skulle ombord frå land var det berre å leggje skuta med "stedle" midt på vestsida av Svinholmen. Tøkje, som det blir kalla òg, er mindre enn meteren på det smalaste og blei nytta som kai. Det gjev eit inntrykk av at det var små farty som blei nytta til hummartransporten over Nordsjøen.

Nokon som verkeleg venta med lengt på at engelskmennene skulle dukka opp om våren var ungane på gardane kring hamna. Dei var raske med å ta seg ombord og få istand sin eigen vesle handel. Med seg hadde dei skjel som var sankar i fjæra og bytehandelen gav engelske skipskjeks, eller «beskøiter», i retur.

Dei framande sjøfolka som sikkert hadde lært seg litt norsk på dei mange turane til den norske vestlandskysten, sette nok stor pris på dampkokte skjel. Ungane sjølve snappa vel opp nokre engelske gloser, nyttige til seinare bruk om større handel stod for døra.

Ein som tidleg lærte engelsk var los og bonde Jon Jonsen Grønningen, som var 60 år gamal då han døydde i 1881. I sine unge år var det sokneprest Kaurin som sytte for at guten lærde seg det språket. At han fekk bruk for det han hadde stridd slik for, synt seg i at han var den siste på Torvastad som hadde forretningar med dei engelske hummarkompania. To av sønene hans gifta seg med engelske jenter og busette seg borte i Grimsby, ein av dei for godt.

Med dette måtte hummarfiskarane frå Utsira, Føynå, Røvær, Avaldsnes og



Slik går det an å tenkja seg meir enn 100 år attende i tida. Ein engelsk slupp stemner ut frå gamle Presthamn i den alltid trufaste forsommarbrisen frå nordvest. I brønnen er det fleire tusen levande hummar.

Steinmoloen mellom Prestneset og Svinholmen er truleg bygt på 1800-talet av husmann Lars Viersen. Holet i moloen er ein djup brønn, kanskje brukt til å ha hummar og fisk gående i. Dei verneverdige restane av alt steinarbeidet hans er eit syn verdt.

heimbygda Torvastad levera fangstane sine ein annan stad. Kan hende gjekk dei nå til Haugesund som hadde grodd opp like i nærleiken og kunne ta imot dei større, nymotens dampskipa som på denne tida tok over Nordsjøfarten?

Desse maskinbåtane var nok ikkje noko problem for Åkrabuen heller, som framleis tek imot noko hummar for vidare sal.

Etterord

Denne artikkelen om handelsaktiviteten kring Torvastad si hamn, byggjer på to delar av ei lokalhistorisk prosjektoppgåve frå våren 1991, "Spor i ord og spor i jord". Oppgåva blei skriven som del av ei halvårseining i samfunnsfag, populært kalla "Kystkultur", i regi av Stavanger lærerbøgskole og Utgarden folkehøgskule. Ansvarlege den gongen var Magnar Jordåen og Roald Østensjø.

Slik framstillinga ligg føre no, er kjeldene frå den gong saumfarte på ny og bygdeboka for Åkra er óg nytta. Detaljar er henta frå ulike stader. Døypenamn, patronymikon, eller namnet etter faren, og gardsnamn er ikkje søkte skrivne i dialekt, men nærare det prest og skrivar førte i kyrkjebok og tingbok. Turid på Litlasund i Skåre sokn kan ein til dømes rekne med heitte Tyri til dagleg.

Resultatet har blitt ein freistnad på å trekkje ei line opp gjennom hund-deåra, frå den aller fyrste gjestgjeveren i hamna og til den siste då han døydde og verksemda med han. Det mest interessante er å sjå korleis kontakten med andre europeiske land utukla seg kring ei ny eksportvare, som moglegvis blei for hardt skatta etter kvart - nemleg hummaren.

Ein gong var hummaren eit fritt gode som i hovudsak fekk lov til å ferdast i fred for oss menneskje. Ein hausens kardinal blei han med det knappleiksproblemet som slike gode fører med seg. Utlendingane kunne jo ikkje få nok, og berre frå Stavanger Amt blei det i periodar skipa ut over 1/2 million stykk kvart år, noko som i delar av 1800-talet utgjorde kring halvparten av den totale eksporten frå kongeriket Noreg.

I vårt århundre har den svarte hummaren blitt tvinga lengre frå land fleire stader. Steinurene som han gøymer seg i har nemleg i flerire tiår sjølve blitt meir og meri gøymt, av svart gjørme som truleg dannar seg i samband med næringsrikt tilsig frå land og uvanleg stor algevekst.

Eit anna problem er at det ikkje som for 200 år sidan berre er vel tjue hummarfiskarar som brukar Nord-Karmøy sin del av den våte statsalmenninga. Talet er nå blitt kraftig auka, for ein stor del av hobbyfiskarar som sommars-tid gjerne talar om at dei får "svart krabbe" i teinene sine, midt i fredingstida. Kva slag tradisjonar og vaner yrkesfiskarane held seg til når dei fangar og tek vare på den hummarfangsten dei leverer ein gong utpå hausten, kan ein berre gissa seg til.

Det hjelper hummaren meir om lensmannen tek opp att rutinen med å kontrollera teinefisket enn at ein aukar minstemålet som til nå har vore 22 centimeter. Då er nemleg dette krypdyret kjønnsmodent.

Sett på bakgrunn av ein kraftig auke i folketalet dei siste hundreåra og samstundes **ein synkende respekt for og og minkande forståing av det økologiske systemet vi kystfolk lever i**, er det klart at **hummeren sin lagnad er blitt eit døme på almenningen sin tragedie:**

“Kven som helst fiskar kva som helst, kva tid som helst, i kva mengder som helst...”